Noreg rundt med buss, båt og tog

Ja, det handlar om miljø og berekraft. Men det handlar først og fremst om å få dei beste ferieopplevingane.

Eg vil syne lesarane korleis dei kan oppleve Noreg kollektivt. Komme seg til både kjente attraksjonar og spanande avkrokar ved å nytte seg av det eksisterande norske kollektivtilbodet, med buss, båt og tog. Visste du forresten at det norske kollektivnettet inkluderer ei helikopterrute?

Eg ynskjer å bidra med kunnskap som stimulerer til grønare reiser, og samstundes minne om at berekraft også handlar om å bidra til livskraftige lokalsamfunn. Reiseråda i boka skal difor gje billettinntekter til lokalbåten, og fleire gjestar til lokale reiselivsbedrifter og kunst- og kulturtilbod.

Somme er kanskje ikkje klar over at det går an å feriere på denne måten, medan andre tenkjer at det er alt for tidkrevjande og kronglete å skulle sette seg ned med eit utal rutetabellar og kart for å planlegge reisa.

Det er nettopp det denne boka skal syne dei at det ikkje er. **I «Noreg rundt med buss, båt og tog» har eg allereie planlagt reisene for dei.**

Boka tek utgangspunkt i 12 knutepunkt over heile landet. Frå kvart knutepunkt vil lesaren få framlegg til minimum ein vekestur, ein helgetur og tre dagsturar. Desse kan sjølvsagt også kombinerast. Kvar reise er lagt opp steg-for-steg og time-for-time, med rutetabellar, kart, restaurantar, aktivitetar, overnattingsstader, kulturopplevingar og ei handplukka oversikt over kva som er verdt å sjå. Det vil også vere nettadresser til alle dei viktigaste, sikraste og beste informasjonskjeldene for oppdatering og meir informasjon. Samla vil boka innehalde kring 60-70 små og store turar i heile Noreg.

Alle turar blir krydra med viktige og uviktige fakta, og ikkje minst gode tips til korleis reisa blir til ein del av ferieeventyret. Som at det er viktig å fortelje bussjåføren at du skal reise med den korresponderande båten, og at du kan «risikere» ein god prat dersom du spør sjåføren og matrosen om råd. Opplevinga startar allereie på perrongen, kaia eller busshaldeplassen. Eg vil nytte bakgrunnen min for å tilføre godfølelsen for den reisande og sjølvtillit for bransjen, gjere mitt for å bygge yrkesstoltheit i kollektivtrafikken, og til slutt ein liten dash nørding.

Aktørane eg vil lyfte fram, er små, lokale og ofte lite pengesterke, og blir lett borte i støyen frå dei store, pengesterke og ofte internasjonale aktørane. Eg vil at lesaren skal sitte att med eventyrlyst og kunnskap om Noreg - og tru på at det går an å feriere både enkelt og berekraftig på same tid.

Innhald

0. 7 gode grunnar til å velje kollektivferie. Kollektivreise på 1-2-3: Nyttige tips til røynde og urøynde kollektivreisande
1. Knutepunkt Hammerfest
2. Knutepunkt Sortland
3. Knutepunkt Bodø

4. Knutepunkt Sandnessjøen
5. Knutepunkt Kristiansund
6. Knutepunkt Åndalsnes
7. Knutepunkt Florø
8. Knutepunkt Lillehammer
9. Knutepunkt Bergen
10. Knutepunkt Oslo
11. Knutepunkt Stavanger
12. Knutepunkt Kristiansand
00. Appendix om Norgesferie med buss, båt og bane vinter, vår og haust

Boka er forma for sommarturisme, men i det siste kapittelet gjev eg tilleggsinformasjon for å kunne bruke boka også resten av året.

Eg har valt ut dei 12 knutepunkta fordi dei er gode kollektivknutepunkt og fordi det er mange bra opplevingar i regionen. Kvart knutepunktkapittel inneheld ein kort omtale av knutepunktet, med vekt på korleis ein best reiser kollektivt til knutepunktet. Deretter kjem ei rekkje forslag til dagsturar, helgeturar og vekesturar med det aktuelle knutepunktet som start og slutt. Turane vil innehalde all den informasjonen ein treng for å legge i veg.

Om meg

Eg er nordmøring med hjarte for Nord-Noreg. Både far og bestefar var bussjåførar, og «Rutebok for Norge» var sengelektyren min frå 4-5-årsalderen. Eg har arbeidd med kollektivtransport heile mitt vaksne liv; først som bussjåfør i Ålesund og Oslo, seinare som samferdselssjef i Nordland og statssekretær i Samferdselsdepartementet. Eg er utdanna innan transportøkonomi og statsvitskap (cand.mag.) og leiing (master).

Eg reiser mykje i Noreg og har alltid vore nysgjerrig på historiene under overflata og dei lokale særtrekka. Etter kvart har eg nok også utvikla eit godt blikk for dei gode reiselivsprodukta og kva natur- og kulturopplevingar som skil seg ut. I boka vil eg veksle på å spele på fagkunnskapen eg har innan samferdsle, og mi lange røynsle som kollektivreisande og turist i eige rike.